



SYKKYLVEN

Fellestenestene

Helse- og omsorgsdepartementet

Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Vår dato: 23.04.2014
Vår ref.: 2011/60-4612/2014
Klassering: G21

Saksbeh.: Anne Lena Utgård
Telefon:

Melding om vedtak: Høyringsuttale - reservasjonsordning for fastlegar

Saka om høyring – reservasjonsordning for fastlegar var oppe til handsaming i Sykkylven kommunestyre 7. april 2014. Det vart gjort følgjande vedtak:

Vedtak: som tilrådinga frå levekårsutvalet

Sykkylven kommunestyre avviser det utsendte forslaget til system for å kunne gi fastlegar reservasjonstilgang når det gjeld henvisning til abort. Sykkylven kommune meiner det er prinsipielt galt at spørsmålet om den enkelte lege sin muligheit for reservasjon skal avgjerast i Sykkylven kommunestyre.

Sykkylven kommunestyre avviser det utsendte forslaget til system for å kunne gi fastlegar i kommunen reservasjonsrett, og at slik rett blir knytta til om der kan etablerast praktiske og kompenserande ordningar for innbyggjarane. Sykkylven kommunestyre vil peike på at alle innbyggjarar har rett til alle allmennlegetenester hos sin fastlege. *Stortinget* må avgjere om fastlegar skal ha rett til fritak for enkelte oppgåver av samvitsgrunnar, og om slik rett skal stå over innbyggjarane sin rett til å få utført alle tenester hos sin fastlege. Skulle dei foreslåtte endringane i lover og forskrifter likevel bli vedtatt, vil ikkje Sykkylven kommune forvalte det nye systemet ved å gi fastlegar adgang til reservasjon.

Med helsing

Anne Lena Utgård
konsulent fellestenestene